

Leikanger kommune
Skrivarvegen 7
6863 LEIKANGER

Vår dato: 17.12.2018
Vår ref.: 201835901-15
Arkiv: 313
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Bård Andreas Selstad Ottesen
22959528 / baso@nve.no

Mellombels løyve til uttak av grunnvatn til Leikanger vassverk, Leikanger kommune

Vi syner til dykkar søknad av 12.06.2018 om løyve til mellombels uttak av grunnvatn til Leikanger vassverk.

Om søknaden

Leikanger vassverk har i dag råvassinntak i Henjaelvi på kote 168. I samband med Sognekraft si utbygging av Leikanger kraftverk skal inntaket til vassverket leggst om, og nytt inntak etablerast på kote 611 i Traståna i samband med kraftverksinntaket i Traståna.

Anleggsarbeid i Henjadalen med ny veg og vassleidning til det nye drikkevassinntaket, og etablering av fleire kraftverksinntak i Henjadalen, vil føre til fare for ureining av dagens råvasskjelde til Leikanger vassverk. Det er derfor planlagt etablering av grunnvassuttak som skal nyttast som mellombels drikkevassforsyning for Leikanger vassverk i anleggsperioden inntil nytt drikkevassinntak og kraftverksinntak er etablert. Det er forventa at løysinga med mellombels vassforsyning vil ha ei varigheit på inntil tre år.

Leikanger kommune ønskjer å etablere uttak av 35 l/s grunnvatn frå grunnvassbrønner i Riverdalen i Hermansverk sentrum. Det vil bli lagt ein mellombels vassleidning hovudsakeleg oppe på bakken frå grunnvassbrønnane, via eit pumpehus, til eksisterande pumpestasjon og vassbehandlingsanlegg. Herifrå vil eksisterande infrastruktur nyttast.

Leikanger vassverk er eit kommunalt vassverk eigd og drifta av Leikanger kommune. Sidan flyttinga av drikkevassinntaket, og dermed behovet for ei mellombels drikkevassforsyning i anleggsperioden, er utløyst av Sognekraft si utbygging av Leikanger kraftverk, er det Sognekraft som står for den praktiske gjennomføringa av tiltaket. Leikanger kommune står likevel som formell søker av tiltaket.

Leikanger kommune søker om løyve til mellombels uttak av grunnvatn etter vassressurslova § 8. Kommunen søker også om løyve etter oreigningslova § 2 til ekspropriasjon av areal og naudsynte rettar dersom dei ikkje lukkast i å inngå minnelege avtalar med grunneigarar før utbygging. Det vert samtidig søkt om førehandstiltreding i medhald av § 25.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Høyring

Søknaden er handsama av NVE etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale styresmakter, interesseorganisasjonar og aktuelle partar for fråsegn. Søkjar har fått fråsegna til kommentar.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttaler følgjande i brev av 27.08.2018:

«....

Uttak av drikkevatn vil ha høg prioritet samanlikna med mange andre samfunnsføremål. Vi kan ikkje sjå at eit grunnvassuttak i den storleiken det er søkt om vil få nokon innverknad på vassføringa i Henjaelvi ut over situasjonen i dag, sidan dette vatnet i tilsvarande mengde i dag vert teke lengre oppe i Henjaelvi. Vassuttaket vil heller ikkje endre tilstandsklassifiseringa etter vassforskrifta.

Det er viktig at det vert gjort minst mogleg landskapsinngrep når den nye infrastrukturen skal etablerast og den mellombelse vassleidningen skal leggst. Tiltaket vil ikkje føre til inngrep i vassstrengen, men det er viktig å unngå unødvendige inngrep i kantvegetasjonen. Naturtypen fossesprøytsone er registrert ved den aktuelle strekninga, men vassleidningen er planlagt lagt utanfor denne naturtypen. Det er vidare viktig å unngå at anleggsarbeidet fører til ureining av vassdraget.

Fylkesmannen har ikkje avgjerande merknader til søknaden om uttak av grunnvatn. Søknaden om grunnvassuttak treng difor ikkje ytterlegare handsaming etter lov om laksefisk og innlandsfisk eller etter ureiningslova. Kommunen må vurdere eventuelle krav til det nye reinseanlegget for å unngå ureining til naturmiljøet.»

Sogn og Fjordane fylkeskommune uttaler følgjande i brev av 31.07.2018:

«...

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag ikkje kunnskap om automatisk freda kulturminne i tiltaksområda. Vi har såleis ikkje avgjerande merknader til tiltaka når det gjeld omsynet til automatisk freda kulturminne.

Vi ser likevel ikkje bort i frå at det kan ligge automatisk freda kulturminne i det området som søknaden gjeld. Vi ber difor om at tiltakshavar vert gjort merksam på følgjande.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i undergrunnen eller i groper, steinsettingar eller samling av stein, samt våpen, reiskap og liknande i metall eller stein.»

Statens vegvesen uttaler følgjande i brev av 23.07.2018:

«...

Nærføring av kablar

Etter veglova § 32 og § 57 skal ingen føre kablar, leidningar eller anna utstyr over-, under-,

langs- eller nærare offentlig veg enn 3 meter frå vegkant utan løyve. Søknad om løyve til slike tiltak over, under eller langs riks- og fylkesveg skal i kvart høve sendast til Statens vegvesen.

Byggjegrænse til veg

Byggjegrænse fastsett i reguleringsplan gjeld for alle byggverk som til dømes transformatorstasjonar, massedeponi, riggområder og oppstillingsplassar med vidare. Der det ikkje finst reguleringsplan gjeld Rammeplanen for avkøyrslar og byggjegrænser på riks og fylkesvegar i Region vest, sjå vedlegg. For tiltak innanfor byggjegrænse til veg som ikkje er fastsett i reguleringsplan, må det søkast om dispensasjon frå veglova til Statens vegvesen. Søknadsskjema finn de på www.vegvesen.no - skjemaer - søknad om avkjørsel eller dispensasjon frå byggegrense.

Avkøyrslar

Der det vert behov for ny vegtilkomst langs riks- og fylkesvegar som ikkje er vist i reguleringsplan, utvida bruk av eksisterande avkøyrslar eller mellombels avkøyrslar, må det søkast Statens vegvesen. Avkøyrslar må utformast i samsvar med handbok N100 Veg- og gateutforming og handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss, desse finn de på www.vegvesen.no - fag - handbøker.

Spesialtransport

Når store og tunge konstruksjonar skal transporterast må det søkast om eige løyve, søknadsskjema ligg på www.vegvesen.no - veglister/dispensasjoner - søknad om dispensasjon for spesialtransport.»

Leikanger Jakt og Fiskelag uttaler følgjande i brev av 19.08.2018:

«Vi viser til høyringsskriv til aktuell søknad frå 2.7.2018. Styret i Leikanger Jakt og Fiskelag (UF) har gått gjennom søknaden.

Den pågåande kraftutbygginga i Leikanger vil endre mykje på vassstraumane i kommunen. For UF er det for denne saka viktig å ikkje miste merksemda på dei interesseområda laget har. For nedste del av Henjaelva er det naturleg å generelt peike på elva som eit viktig naturelement i sentrumsområdet og spesielt som potensial for meir tilrettelegging for fiskeing.

UF har ikkje grunnlag for å kome med merknader til bruk av grunnvatn som alternativ drikkevasskjelde i anleggstida.

Elvestykket gjennom sentrum av Hermansverk er ikkje mykje brukt i dag. UF har i mange år samarbeidd mykje med barnehagar og skulen. «Bodskapen» laget vil ha fram er sjølvstekt det opplevingspotensialet som følgjer natur og friluftsliv. For dei aktuelle årsklassane er nærleik til attraksjonane sjølvstekt av største betydning. Vi ser det ikkje som sjølvstekt at born og ungdom har interesse for natur. Henjaelva har potensial til å fungere som eit sentralt tilbod med naturopplevingar om tilrettelegginga vert betre enn i dag. Vi tek det som sjølvstekt at den reguleringa som no kjem, også medfører at elva vert opparbeidd slik at både tilkomst til og breidda av bruksalternativ for elva vert mykje utvikla.

Utover eit kart med innarbeidd trase for leidninga frå borebrønnar til vassanlegget, er det ikkje mykje detaljar om tiltaket. I lys av momenta presentert over, er vi opptekne av at valt trase og teknisk løysing ikkje på nokon måte må medføre at tilgangen til elva vert redusert. Likeins må ikkje potensialet for å bruke elva verte redusert eller pålagt restriksjonar som følgje av tiltaket.

Men som antyda over, meiner vi dette kan betrast mykje. Rett tidspunkt for tiltak i elva er rimelegvis tett opp til oppstart av overføring av vatn til det nye kraftverket og i nær tid etter

dette. Vi reknar med at grunnvasskjelda ikkje er aktuelt brukt lenger enn dei skisserte tre åra. Men det er alltid mogeleg at ting tek litt lenger tid enn det som er planlagt. UF forventar då at grunnvassløysinga og røytraseen ikkje vert avgrensande for avbøtande tiltak i elva. Til dømes ved at det vert vanskeleg å få fram naudsynt utstyr til eit slikt arbeid, eller at leidninga ligg slik at den hindrar gjennomføring av gode tiltak. Det bør difor setjast krav om opprydding etter anleggstida.

Ut over dette har vi ikkje nemnande merknader.»

Tonje Fjeld Hæreid uttaler følgjande i brev av 27.08.2018:

«Viser til offentlig høyring om mellombels uttak av grunnvatn til Leikanger vassverk.

I brev til grunneigarar, festarar eller nabo til tiltaket står det at det skal takast ut grunnvatn i 2-3 grunnvassbrønner i Riverdalen. Rapporten derimot viser til uttak frå 5 brønner, både i Lundene og i Riverdalen. Kva er rett?

Kva restriksjoner kan uttaket føre til for ferdselen på regulert turveg langs Henjaelvi?

Det er vist til at uttaket frå eksisterande drikkevasskjelde maksimalt var 43 liter per sekund, men at det vert lagt opp til at det høgaste uttaket frå mellombels drikkevasskjelde blir 35 liter per sekund. Kva var mogeleg vassuttak i sommar då vass-standen var på det lågaste?

Kva restriksjoner på vassforbruk vil det bli lagt opp til ved høgt behov?

Under punkt 5.5 Risikoreduserande tiltak er eksisterande avlaupsnett behandla under punkta:

10. Foreta en tilstandsvurdering og kontroll av eksisterende avløpsnett.

11. Strengere kontroll med avløpsledningene, rutiner for hyppigere vedlikehold og eventuell utskifting av ledningsnett.

12. Hyppigere rutine for vedlikehold og utskifting ledningsnett.

Har Leikanger kommune på plass rutinar og framdriftsplanar for å gjere tilstandsvurderingar, kontroll av eksisterande avløpsnett, vedlikehalde nettet oftare og ev. skifte ut ledningsnett?

Det er i rapporten anbefalt at det ikkje bør byggjast i sone 2 medan det mellombelse uttaket skjer. Korleis påverkar dette planane om vidare utbygging ved Leikanger sjukeheim?

Eg er grunneigar i det som er omtala som sone 2, men har ikkje fått høyringsbrev stila til mitt namn. Kvifor ikkje?».

Søklar sine kommentarar

Nordconsult AS har, på vegne av Sognekraft og Leikanger kommune, i brev av 03.10.2018 gitt desse kommentarane:

«Sognekraft viser til høyringsfråsegner vedrørande søknad om mellombels løyve til uttak av grunnvatn til Leikanger vassverk etter vassressurslova i samband med bygging av Leikanger kraftverk og omlegging av permanent drikkevassuttak.

Kommentarar frå Sognekraft er vist i kursiv under.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen påpeiker at det er viktig at det vert gjort minst mogleg landskapsinngrep når ny infrastruktur skal etablerast, og seier at det er viktig å unngå unødvendig inngrep i kantvegetasjonen.

Den midlertidige vassleidningen vil i stor grad leggast oppe på bakken, bortsett frå ved nokre kortare kryssingar ved vegar, innkøyrslar og pumpehus, samt forbi og ovanfor skulen. Dette gjer at det vert minimale terrenginngrep både ved legging og fjerning av leidningen. Langs den nedste delen der leidningen ligg nærast kantvegetasjonen ned mot elva vil røyrleidningen bli lagt langs kanten av eksisterande traktorveg, og det vil ikkje vere trong for å fjerne ytterlegare vegetasjon på denne strekningen. Lenger nord ligg leidningen noko lenger bort frå elvekantvegetasjonen. Her vil det somme stadar vere trong for å hogge ei ca. 5 m brei gate i krattvegetasjonen for framføring av naudsynt utstyr til legging av røyr.

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje avgjerande merknadar til søknaden, men minner om tiltakshavar si plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

Statens vegvesen

Statens vegvesen har ingen merknadar til saka, men orienterer om regelverket for når det må søkjast løyve eller dispensasjon etter veglova, der Statens vegvesen er styresmakt.

Sognekraft har sendt søknad om kryssing av veg til Statens vegvesen datert 10-09-2018.

Leikanger jakt- og fiskelag

Leikanger jakt- og fiskelag har ikkje avgjerande merknadar til saka, men er opptatt av at den midlertidige infrastrukturen ikkje er til hinder for bruk av elva til naturopplevingar eller etablering av eventuelle avbøtande tiltak for den kommande reguleringa.

Det vil ikkje bli innført ferdselsforbod langs røyrtraséen eller grunnvassbrønnane som følge av det midlertidige grunnvassuttaket. Vassleidningen vil ha ein diameter på 225-250 mm, og kan lett forserast for dei som fiskar, går tur eller liknande i området. Etter godkjent overvaksingsplan for Henjaelvi (bl.a. for fisk og landskap) skal eventuelle avbøtande tiltak først vurderast etter at kraftverket er sett i drift, og dermed etter at den mellombelse vassleidningen er fjerna.

Tonje Fjeld Hæreid

Hæreid har følgjande spørsmål til tiltakshavar:

1. I brev til grunneigarar, festarar eller nabo til tiltaket står det at det skal takast ut grunnvatn i 2-3 grunnvassbrønner i Riverdalen. Rapporten derimot viser til uttak frå 5 brønner, både i Lundene og i Riverdalen. Kva er rett?

Det har vore testa ut fleire ulike brønner for å vurdere produksjonspotensialet på ulike stadar, og talet på brønner som faktisk skal brukast har blitt vurdert basert på resultat frå testpumpingar. Basert på testinga er det no beslutta å etablere 2 produksjonsbrønner og 1-2 mindre brønner som reserve.

2. Kva restriksjoner kan uttaket føre til for ferdselen på regulert turveg langs Henjaelvi?

Langs nedre del av Henjaelvi er det i reguleringsplan for Lundene regulert inn ein turveg på vestre elvebreidd. For den delen av røyrkata som blir lagt oppe på bakken i dette området vil røyret bli lagt langs kanten av eksisterande traktorveg. Det vil ikkje vere noko form for restriksjonar på ferdsel verken her eller andre delar av røyrkata. Der røyrkata kryssar vegar eller innkøyrslar, og andre stadar der det er fare for motorisert ferdsel, vil røyrkata bli grave ned.

3. Det er vist til at uttaket frå eksisterande drikkevasskjelde maksimalt var 43 liter per sekund, men at det vert lagt opp til at det høgaste uttaket frå mellombels drikkevasskjelde blir 35 liter per sekund. Kva var mogeleg vassuttak i sommar då vassstanden var på det lågaste?

Sommaren 2018 var svært tørr. I denne perioden vart dei to produksjonsbrønnane testpumpa med maksimal pumpekapasitet. Begge brønnane pumpe om lag 20 l/s gjennom heile sommaren (totalt 40 l/s) utan at dette medførte at grunnvassstanden i området sank. Når anlegget er sett i drift vil pumping til høgareliggande område medføre at pumpene får ein maksimal kapasitet på 35 l/s. Gjennomsnittleg døgnforbruk for Leikanger vassverk er 16 l/s.

4. Kva restriksjoner på vassforbruk vil det bli lagt opp til ved høgt behov?

Leikanger kommune har hatt ynskje om ei mellombels vassforsyning med maksimalt uttak på 30-35 l/s. Det prosjekterte anlegget vil ha ein maksimal kapasitet på 35 l/s. I tørre periodar om sommaren som medfører høgt vassforbruk til gardsvatning og hagevatning kan det samla ønske forbruket ligge over dette. Ved slike situasjonar vil Leikanger kommune måtte innføre restriksjonar på hagevatning og jordbruksvatning.

5. Under punkt 5.5 Risikoreduserande tiltak er eksisterande avlaupsnett behandla under punkta:

10. Foreta en tilstandsvurdering og kontroll av eksisterende avløpsnett.

11. Strengere kontroll med avløpsledningene, rutiner for hyppigere vedlikehold og eventuell utskifting av ledningsnett.

12. Hyppigere rutine for vedlikehold og utskifting ledningsnett.

Har Leikanger kommune på plass rutinar og framdriftsplanar for å gjere tilstandsvurderingar, kontroll av eksisterande avløpsnett, vedlikehalde nettet oftare og ev. skifte ut leidningsnett?

Leikanger kommune jobbar no med ei kartlegging av det eksisterande avlaupsnettet som kan påverke vasskvaliteten i grunnvassbrønnane, og det er bestilt ei tilstandsvurdering frå ein ekstern entreprenør. Eventuelle påkrevde utbetringar vil bli utført før grunnvassbrønnane vert teke i bruk til drikkevatn.

6. Det er i rapporten anbefalt at det ikkje bør byggjast i sone 2 medan det mellombelse uttaket skjer. Korleis påverkar dette planane om vidare utbygging ved Leikanger sjukeheim?

Utvidinga av Leikanger sjukeheim har vore planlagt i lengre tid, og vedtak om utbygging vart gjort i juni 2017. Grunnarbeida for utvidinga, som er den delen av byggearbeida med størst fare for forureining til grunnvatnet, er planlagt gjennomført i perioden februar-mai 2019. Grunnvatnet er planlagt kopla til som drikkevasskjelde i månadsskiftet april/mai 2019. ROS analysen som er utarbeidd seier at (avsnitt 2. 1. 6):

«Det vil ikke være mulig eller hensiktsmessig å innføre strenge restriksjoner på den aktivitet og utbygning som allerede eksisterer i området»

Perioden med overlapp mellom grunnarbeida på sjukeheimen og grunnvassuttaket er vurdert som kort, og utan akutt fare for ureining. Sjukeheimen ligg også med såpass stor avstand til grunnvassbrønnane at forureiningsfaren vert vurdert som svært liten. Utbygginga av sjukeheimen kjem difor til å gå som planlagt.

7. Eg er grunneigar i det som er omtala som sone 2, men har ikkje fått høyringsbrev stila til mitt namn. Kvifor ikkje?

Dei som er grunneigarar eller rettighetshaverar til grunnen der brønnar, røyrgate, pumpehus etc. kjem har krav på direkte, individuelle varsel om ein søknad etter vassressurslova som dette er. Eventuelle restriksjonar knytt til restriksjonssoner som følgje av eit grunnvassuttak er knytt til plan og bygningslova (PBL), og ikkje vassressurslova. Eventuelle restriksjonar må dermed fastsetjast og innførast av kommunen etter PBL og har dermed juridisk sett ikkje noko med søknaden etter vassressurslova å gjere. Hæreid er dermed ikkje grunneigar eller rettighetshavar i det omsøkte tiltaket.»

NVE si vurdering etter vassressurslova

NVE kan gi løyve til mellombels uttak av grunnvatn i medhald av vassressurslova § 8.

Norconsult har gjennomført hydrogeologiske undersøkingar i uttaksområde for å vurdere om området/avsetninga er eigna som råvasskjelde. Undersøkinga viser at avsetninga i området består av ein tjukk sand/grus deltaavsetning, med opp mot 50 m tjukkeleik. Avsetninga er tjukkast ut mot fjorden og minkande oppstraums langs elva. Massane har høg evne til å gi frå seg vatn.

Nedbørfeltet utgjør 65,4 km² og storleiken på grunnvassmagasinet er berekna til 1,5-2,0 mill m³. Sand/grusavsetninga i dei nedre delane av nedbørfeltet er berekna til 675 000 m³. Tilsig til brønnane kjem frå ein kombinasjon av infiltrerande nedbør og lekkasje frå Henjaelvi. Antatt infiltrasjon er satt til 50 % nedbør.

Borehull 1 og 2 (Bh1 og Bh2) er planlagt nytta for leveranse av vatn til Marine Harvest (MH). Maksimalt uttak av vatn frå denne sida av elva skal avgrensast til 15 l/s. Leveranse av vatn til MH inngår ikkje som ein del av mellombels vassforsyning til Leikanger vassverk, men er tatt omsyn til i dei hydrogeologiske vurderingane då dei nytter same grunnvasskjelde som dei mellombelse brønnane til Leikanger vassverk. Brønn 5-9 (Bh5- Bh9) skal sikre mellombels vassforsyning til Leikanger vassverk.

Gjennomsnittleg døgnforbruk for Leikanger vassverk er 16 l/s. Det prosjekterte anlegget vil ha ein maksimal kapasitet på 35 l/s. I tørre periodar om sommaren som medfører høgt vassforbruk til gardsvatning og hagevatning kan det samla forbruket ligge over dette. Ved slike situasjonar vert det opplyst at Leikanger kommune vil innføre restriksjonar på hagevatning og jordbruksvatning.

Nordconsult opplyser at det har vore prøvepumping av alle brønnar sidan november 2016. Grunnvasstand og vasskvalitet har vore stabile i heile perioden og magasinet si tåleevne er vurdert til å vere ein del høgare enn det planlagde uttaket. Det er likevel valt å halde uttaket på eit lågare nivå då det er ein viss risiko for saltvassinntrenging. I tillegg er det viktig at trekking av grunnvatn frå Marine Harvest si side av elva vert halde på eit minimim, då dei har to grunnvassbrønnar på austsida av elva.

Norconsult konkluderer med at resultatene frå prøvepumpinga tilseier at grunnvassbrønnane vil gi stabil vassforsyning av god kvalitet og med tilstrekkeleg kapasitet.

NVE vurderer at det omsøkte uttaket på inntil 35 l/s er i tråd med grunnvassmagasinet si tåleevne og at ein ved dette uttaket vil ivareta vassdraget sin naturlege vassføringsdynamikk.

Det er registrert to viktige naturtypar i influensområdet. Naturtypen «Dalen Eikeskog» er registrert som «Gammel fattig edellauvskog» (utforming «Gammel eikeskog») med verdi viktig (B-verdi). «Gjerdet» er registrert som naturtypen «Fossesprøytzone» med verdi viktig (B-verdi). Naturtypen Dalen Eikeskog ligg på motsett side av elva i høve planlagt leidningstrase, og vert ikkje direkte påverka av tiltaket. I følge hydrologiske undersøkingar overstig ikkje grunnvassuttaket kapasiteten til grunnvassressursen. Det er difor ingen grunn til at desse førekomstane skal bli påverka som følge av seinka grunnvasstand. Naturtypen Gjerdet kan bli tangert av leidningstraseen, men vert truleg i liten grad påverka då leidningen skal ligge oppå bakken og fysiske terrenginngrep vil bli minimale. Tiltaket påverkar ikkje vassføring og fossesprøyt/fuktigheit.

Det er ikkje registrert førekomstar av raudlista artar i influensområdet for tiltaket. NVE vurderer at tiltaket i liten grad vil påverke dei registrerte naturtypene og artsmangfaldet i området.

NVE meiner at vurderingane er i samsvar med dei prinsippa i naturmangfaldlova som skal ivaretakast når det vert gjort vedtak, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. NVE vil i den anledning påpeike at tiltaket er mellombels og at tiltaket ikkje vil påverke kjende førekomstar av truga- eller nær truga artar, og vil ha ein avgrensa verknad på registrerte naturtypelokaliteter i området. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Landskapet i tiltaksområdet er prega av kulturlandskap og busetnad rundt ein elvedal som strekkjer seg frå fjorden i sør med stigande terreng nordover. Langs Henjaelvi er det samanhengande område med tett vegetasjon, slik at elva er relativt skjerma for innsyn. Delar av områda rundt Henjaelvi er gjort tilgjengeleg med stiar og bruer, og vert til ein viss grad nytta til friluftsliv. I tillegg blir det fiska noko i nedre del av elva. Norconsult skriv følgjande i tilbakemelding til høyringsuttale til Leikanger Jakt og Fiskelag: *«Det vil ikkje bli innført ferdselsforbod langs røyrlraseen eller grunnvassbrønnane som følgje av det midlertidige grunnvassuttaket. Vassleidningen vil ha ein diameter på 225-250 mm, og kan lett forserast for dei som fiskar, går tur eller liknande i området.»*

NVE meiner at ein vassleidning som ligg på bakken vil redusere opplevinga av nærområdet der dei ligg synleg. Røyra er likevel av relativt liten diameter og større deler av strekninga vil gå i områder med tett vegetasjon eller område med lite innsyn. NVE vurderer ut frå dette at tiltaket er akseptabelt med tanke på landskapsverdiar og friluftsliv knytt til området.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje kunnskap om automatisk freda kulturminne i tiltaksområda. Fylkeskommunen viser til at tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8, 2. ledd i lov om kulturminne.

Etablering av eit mellombels grunnvassuttak vil sikre god og sikker vassforsyning til Leikanger vassverk. Tiltaket krev avgrensa med areal og konsekvensane for miljø, naturressursar og samfunn er vurdert som små. Som avbøtande tiltak bør det visast varsemd med tanke på vegetasjon i anleggsfasen, med skånsam ferdsel med anleggsmaskiner og avgrensa hogst så langt det er mogleg. Ved å ta omsyn til dette kan ikkje NVE sjå at etablering av eit mellombels grunnvassuttak er til skade for nokon kjende ålmenne interesser.

NVE sin konklusjon etter vassressurslova

NVE gjev Leikanger kommune løyve til uttak av grunnvatn på inntil 35 l/s ved Henjaelvi i Riverdalen i Leikanger kommune. Løyve gjeld over ein periode på inntil tre år eller inntil nytt drikkevassinntak for overflatevatn er etablert. Løyve er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

Løyvet blir gjeve på desse vilkåra:

- Løyve gjeld etablering av 5 mellombelse produksjonsbrønner.
- Grunnvassuttaket skal ikkje føre til varig senking av grunnvassmagasinet.
- Uttaket av grunnvatn skal opphøyrast når Leikanger kommune har etablert nytt inntak i Traståna til å forsyne Leikanger vassverk med drikkevatt.
- Ved brot på dei fastsette reglane gitt i lova eller i medhald av lova pliktar konsesjonæren etter krav frå NVE å bringe forholda i lovleg orden. NVE kan fastsette tvangsmulkt ved brot på reglane i konsesjonen eller andre reglar med heimel i lov.
- NVE føreset at Leikanger kommune har ordna dei privatrettslege tilhøva som eventuelt måtte bli skadelidande som en følge av tiltaket.

NVE si vurdering etter oreigningslova

Leikanger kommune har søkt om løyve etter oreigningslova § 2 til ekspropriasjon av areal og naudsynte rettar dersom dei ikkje lukkast i å inngå minnelege avtalar med grunneigarar før utbygging. Det vert samtidig søkt om førehandstiltreding i medhald av § 25.

Leikanger kommune opplyser at dei vil så langt som mogleg forsøke å inngå minnelege avtalar med alle grunneigarar og rettshavarar. For eventuelle tilfelle der dette ikkje vert oppnådd vert det søkt om ekspropriasjonsrett etter oreigningslova.

NVE meiner at ulempene for private interesser, som følgje av det planlagde tiltaket, her vil vere svært små for grunneigarar. Inngrepa knytt til etablering av brønner og framføring av vassleidning gir små arealinngrep. Tiltaket har avgrensa varigheit på inntil tre år. NVE har etter ei avveging av interessene funne at fordelane for samfunnet ved å sikre Leikanger kommune drikkevatt utvilsamt vil vere større enn dei skader som ulemper som blir påført grunneigarar med rettar i området.

Samtykke til førehandstiltreding kan berre bli gitt i særhøve dersom det vil føre til urimeleg tidhefte å vente til skjønnskravet er framsett, jamfør oreigningslova § 25 første ledd, andre punktum. NVE kan ikkje sjå at det i denne saka er sannsynleggjort at det føreligg særlege forhold knytt til arbeidet med skjønnskravet som kan gi grunn til eit samtykke til førehandstiltreding før det er satt krav om skjønn.

NVE har ikkje funne grunnlag for å gi samtykke til førehandstiltreding i denne omgang, men vil kunne vurdere dette på nytt når det eventuelt vert sett fram krav om skjønn.

NVE sin konklusjon etter oreigningslova

NVE gir samtykke til at Leikanger kommune i medhald av oreigningslova § 2 nr. 47 får ekspropriere naudsynte rettar for bygging og drift av anlegg knytt til mellombels uttak av drikkevatt frå grunnvassbrønner ved Hermansverk.

NVE sitt samtykke til oreigning fell bort dersom Leikanger kommune ikkje har satt fram krav om skjønn innan eitt år etter at samtykket er gitt, jf. oreigningslova § 16.

NVE finn ikkje grunnlag for å behandle søknad om førehandstiltreding etter oreigningslova § 25 no, men vil kunne vurdere dette når det eventuelt vert sett fram krav om skjønn.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem). Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
direktør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Leikanger Jakt- og Fiskelag
SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
SOGNEKRAFT AS
Statens Vegvesen - region vest
TONJE HÆREID